

# Innspel til planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001.

Dykkar ref. 21/60 – 4/ANT

Dato: 05/04/2021

Frå: Mastrevik Eigedomsselskap AS, org.nr 979 143 168  
Myravegen 17,  
5943 Austrheim  
[ob@mott.no](mailto:ob@mott.no)

Me syner til brev datert 10.02.2021 med varsel om planoppstart. Som eigar av naboeigedommar regulert under planid 2008002 syns me det er bra at Austrheim Kommune er oppteke av utvikling i Mastrevikområdet. Me har fylgjande innspel til planoppstart:

Gbnr 142/219 og deler av Gbnr 142/220, samt Gbnr 142/217 i reguleringsplanid. 2008002 vart i 2012 regulert til undervisning, tilhøyrande grøntområde og parkering etter innspel frå Austrheim Kommune og Hordaland Fylkeskommune.

Vestland Fylkeskommune leiger i dag ca 1850kvm på Gbnr 142/219 og me føreheld oss til gjeldande leigeavtale som går fram til 31.12.2024. Kva som skjer etter dette får me ta stilling til når det nærmer seg.

Når Vestland Fylkeskommune har konkludert med ønska løysing for framtidens skule, bør ein på nytt sjå på reguleringsførehalda i heile området.

Vidare bed me om å bli involvert i planane som omfattar våre eigedommar direkte eller indirekte med detaljreguleringsendringar frå varsla planoppstart då det direkte påverkar selskapets drift.

Kontaktperson frå Mastrevik Eigedomsselskap vert:

Øyvind Brandtun  
Tlf 93429345  
[ob@mott.no](mailto:ob@mott.no)

På vegne av Mastrevik Eigedomsselskap AS

Austrheim, 05.04.2021



Øyvind Brandtun  
Styreformann